



Det nærmar seg jul og det er tid for uppskoka i Humlepungen Bryggjarlag. Ho blir halden i Dønhaugkjedlaren på laurdagskvelden, men bryggjarane har ei bøn: Fleire må melda seg på! Dei som kjem vil få ei oppleving for livet.

Fram til måndag kveld var mellom 30 og 40 på listene og det er plass for mange fleire!

Hvis nokon framleis ikkje skulle veta kva ei uppskoka er: Det er det som skjer når ølet skal tømast or bryggjekjeret og fyllast på kaggar.

Bryggjarane meiner at dei no kan lokka med det beste ølet dei har laga til jul nokon gong. Prøvesmakinga blir spanande!

Dei lokkar også med eit spenstig program. Avkroken Bryggjarlag frå Sunde er gjestar denne gongen og det blir irsk musikk og fotomontasje frå Edinburgh-turen. Men det er fritt fram for alle som vil bidra med noko!

(Foto: Ola Matti Mathisen)